

Referat FAU-møte 10. mai 2021

Tid: Måndag 10. mai 2021, kl. 20.00-21.00

Stad: Digitalt møte via Zoom

Tilstades: Fredrik Undheim, Heidi Barvik, Synnøve Serigstad, Sigve Berland, Ole Wiig, Ragnhild Otto og Linn Iren Oppedal

Forfall: Stig Jespersen

Protokoll:

17/21 Korona-situasjonen

Besøksdag for dei nye førsteklassingane utgår pga. korona. Skulen ser på alternativ løysning og vurderer foreldremøte/informasjonsfilm som erstatning for besøksdagen.

18/21 Info frå rektor

Time kommune må tilby symjeundervisning frå 2. trinn frå hausten av for å tilfredsstille krava. Hallkapasiteten på Bryne er midlertidig sprengt. Ulike løysningar må vurderast for å få timeplanen til å gå opp.

Oppgradering av uteområdet til skulen er under planlegging. Gravinga skal etter planen skje i sommarferien.

Det har vore utfordringar i læremiljøet på 3. trinn over lengre tid. Skulen har gjort fleire tiltak for å betra dette. Det vil bli nye endringar i klassesamansetningane. Skulen vil óg ha ekstra tett dialog med foreldra på dette trinnet for å løysa utfordringane på best mogleg måte.

19/21 17.mai-feiringa - oppdatering

Den tradisjonelle feiringa utgår. Kommunen gjer eit tilskot til is til kvar skule for at elevane skal få litt ekstra kos før nasjonaldagen. På sjølve dagen blir det digitalt markering i regi av kommunen.

20/21 Symjetest – oppdatering

Tilbakemeldinga frå skulesjefen på det fyrste brevet frå FAU tyder på at leiinga ikkje har forstått problemstillinga.

Fredrik sender difor ei presisering til skulesjefen for at budskapet skal koma tydelegare fram.

21/21 Trafikksikringstiltak

FAU meiner fotgjengarovergangane til Fritz Røed-parken i Arne Garborgs veg bør tryggast med betre belysning. Støyskjerminga ved hotellet bør endrast slik at fotgjengarar frå parken, som skal kryssa vegen, er meir synlege for bilistane.

Undergangen ved Nubben bør gjerast tryggare med spegel og ny fotgjengarovergang bør etableras.

Linn Iren lagar forslag til innspel til kommunens handlingsplan for bruk av trafikksikringsmidlar.

22/21 Eventuelt

Neste FAU-møte blir 7. juni kl. 20.00.